



Saka gjeld: Begrunnelse. Tildelingsevaluering.

Innkлага gjennomførte ein konkurranse for anskaffing av vintervedlikehald av kommunale vegar og setting av brøytestikker. Klagar gjorde gjeldande at innklaga hadde brote anskaffingsregelverket gjennom tilbodsevalueringa ved å leggje vekt på forhold utanfor tildelingskriteriet «Køyretøy og kvalitet», slik at det var innført eit nytt og ulovleg tildelingskriterium. Klagar gjorde òg gjeldande brot på grunngjevingsplikta. Klagenemnda kom til at innklaga hadde brote grunngjevingsplikta ved tildeling av kontrakt, men at denne var reparert i seinare tid. Klagar sin andre påstand førte ikkje fram.

Avgjerda til klagenemnda 28. januar 2026 i sak 2025/1749

Klagar: Jens Erik Lied

Innkлага: Stranda kommune

Medlemma i

klagenemnda: Bjørn Berg, Kjersti Holum Karlstrøm og Christina Paludan Melson

Bakgrunn:

- (1) Stranda kommune (heretter kalla *innklaga*) kunngjorde 3. juli 2025 ein open anbodskonkurranse for anskaffing av vintervedlikehald av kommunale vegar og setting av brøytestikker. Verdien på anskaffinga var estimert til 20 millionar kroner. Det var ikkje spesifisert om summen var ekskl. eller inkl. mva. Tilbudsfrist var 18. august 2025.
- (2) Anskaffinga gjaldt ni delkontraktar, der åtte av desse var brøyteroder og éi rode gjaldt setting av brøytestikker. Avtalane gjaldt over ein periode på to år, med opsjon på eitt pluss eitt pluss eitt år, maksimalt fem år totalt. Tilbod kunne leverast på éi eller fleire roder. Klagesaka gjaldt rode 401 – Liabygda.
- (3) Det gjekk fram av konkurransegrunnlaget at kontrakt skulle tildelast etter tildelingskriteria «Pris» vekta 50 prosent, «Miljø» vekta 30 prosent, og «Kvalitet og køyretøy» vekta 20 prosent. For tildelingskriteriet «Kvalitet og køyretøy» var det presisert:

«I tildelingskriteriet kvalitet og køyretøy vil oppdragsgjevar vektleggje kvaliteten og eigenskapane til det tilbydde utstyret. Vekting av kravspesifikasjon gjeld ikkje for delkontrakta for setting av brøytestikker.

I vurderinga vil følgjande inngå:

- leverandørens svar på absolutte og ønska krav i kravspesifikasjonen.
- beredskap og responstid

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon: +47 55 19 30 00 post@knse.no

- utfylt informasjon om køyretøy og utstyr for maskin i tilbods brevet (herunder årsmodell, vekt, motorstyrke, type utstyr; snøfres, skrape, lesseapparat, v-plog og strøpparat).

Poengsum for kvalitet og køyretøy blir fastsett av personell i Stranda kommune etter ei totalvurdering av kriteriet. Maksimal poengsum for kvalitet og køyretøy er 20 poeng. Maksimal poengsum for tilbodet er 100 poeng.»

- (4) Før utløpet av tilbodsfristen mottok innklaga to tilbod i konkurransen om rode 401 – Liabygda. Tilbydarane var Jens Erik Lied (heretter *klager*) og Knut Ole Overaa.
- (5) Innklaga gjorde fyrst ei tildelingsevaluering der Jens Erik Lied var vinnar av kontrakt for rode 401 – Liabygda. Før roda skulle tildelast, vart tildelingsbrevet meldt opp til politisk avgjersle i MK-utvalet. MK-utvalet avviste tildelinga og sendte saka tilbake for å få bistand frå ein annan kommune til å gjennomføre evalueringa av tilboda i konkurransen. Årsaka var å unngå at tilliten til administrasjonen som gjennomførte vurderinga skulle bli svekka på grunn av inhabilitet. Ålesund kommune gjennomførte difor ei eiga tildelingsevaluering som vart meldt opp til MK-utvalet.
- (6) Av tildelingsbrevet som blei sendt ut til leverandørane 29. august 2025, gjekk det fram at kontrakt var tildelt Knut Ole Overaa (heretter *valde leverandør*) for rode 401 – Liabygda. Det var skrive i tildelingsbrevet at «*[b]egge tilboda var av høg kvalitet, og kvalitet og køyretøy-kriteriet vart utslagsgjevande i konkurransen*». Det var òg lagt ved ein tabell som viste evalueringsresultatet:

<i>Rode 401</i>			<i>Pris</i>		<i>Miljø</i>		<i>Kvalitet og køyretøy</i>	
			<i>Vekt</i>	50 %	<i>Vekt</i>	30 %	<i>Vekt</i>	20 %
	<i>Rangering</i>	<i>Total score</i>	<i>Score</i>		<i>Score</i>		<i>Score</i>	
<i>[Klagar]</i>	2	98,00	50,00		30,00		18,00	
<i>[Valde leverandør]</i>	1	98,82	48,82		30,00		20,00	

- (7) Klagar klaga på evalueringa 31. oktober 2025. Innklaga tok ikkje klagen til følge. I sitt svar på klagen, vart det mellom anna vist til følgjande som grunngjeving for poengsetjinga ved tildelingskriteriet «*Kvalitet og køyretøy*»:

«*[Klagar]* har beskrevet responstid godt og detaljert. Leverandøren har en solid hovedmaskin. Leverandør har alt av nødvendig tilleggsutstyr, men det var ikke lagt ved beskrivelse av tilleggsutstyret.

[Valde leverandør] tilbyr en solid hovedmaskin, som er noe nyere og mer kraftfullt enn hos *[klagar]*. Leverandøren har levert inn en grundig og detaljert beskrivelse av det

tilbudte tilleggsutstyret. Leverandøren har stadfestet oppfyllelse av krav om responstid i kravspesifikasjonen.

[Klagar] får 18 av 20 poeng for tildelingskriteriet Kvalitet og Kjøretøy. [Valde leverandør] ble tildelt høyeste poengsum (20 av 20 poeng) innen dette kriteriet. Differansen er begrunnet med at tilbudet fra [valde leverandør] utmerket seg ved nyere og mer kraftfull hovedmaskin enn tilbudt av [klagar] med presise og profesjonelle komponenter(tilleggsutstyr), som gir trygghet for god gjennomføring av vintervedlikeholdet. Tilbudet fremstår som gjennomarbeidet og godt tilpasset oppdragets behov, og gir oppdragsgiver tillit til at leveransen vil holde høy kvalitet gjennom hele avtaleperioden.

Forskjellen på 2 poeng reflekterer en rimelig og balansert vurdering av total kvalitet og leveranseevne, som er basert på forskjellen mellom kvalitet og egenskapene på tilbudte maskiner og utstyr.»

- (8) Klagen vart brakt inn for Klagenemnda for offentlige anskaffelser den 24. november 2025. Klagebehandling starta 25. november 2025, jf. klagenemndsforskrifta § 13.
- (9) Innklaga har bekrefta at dei ventar med å inngå kontrakt til klagenemnda har behandla klagen, og saka er difor gitt prioritert behandling.
- (10) Nemndsmøte i saka fann stad 26. januar 2026.

Påstandsgrunnlag:

Klagar har i det vesentlege gjort gjeldande:

- (11) Innklaga har brote anskaffingsregelverket ved å leggje vekt på forhold som ikkje var kunngjort som tildelingskriterium. Det er gitt uttelling til valde leverandør for å ha «*nyere og mer kraftfull hovedmaskin*» og «*profesjonelle komponenter*», utan at tildelingskriteriet «*Kjøretøy og kvalitet*» gav haldepunkt for å vektleggje oppfylling utover det som var etterspurt. Større og kraftigare maskinar kan vera mindre eigna og gje dårlegare manøvrering. Å premiere ei kraftigare maskin bryter med relevans- og saklegheitsprinsippet, har ikkje samanheng med oppdraget sin karakter, og ligg utanfor kriteriet. Det var ikkje sett noko krav om komponentlister eller detaljerte skildringar. Ei premiering av dette til valde leverandør medfører at det er innført eit nytt og ulovleg tildelingskriterium. Dette strider mot prinsippa til rettsvisse og likebehandling og KOFA-praksis.
- (12) Det er gjennomført ei evaluering som verken er sakleg eller etterprøvbar. Grunngevinga til innklaga viser at poengtrekket for klagar ikkje er talfesta, dokumentert eller fagleg forankra. Grunngevinga er vag, skjønnsmesse og utan målbare kriterium.

Innklaga har i det vesentlege gjort gjeldande:

- (13) Innklaga har ikkje brote anskaffingsregelverket. Klagen kan klart ikkje føre fram. I evalueringa av tildelingskriteriet «*Kvalitet og kjøretøy*» vart kvaliteten og eigenskapane til kjøretøya vektlagt i samsvar med teksten i kravspesifikasjonen. Det er gjort ei heilskapleg vurdering basert på leverandørane sine svar på kravspesifikasjonen, beredskap og responstid, samt den utfylte informasjonen i tilbods brevet. Det er tydeleg vist i tildelingskriteriet at oppdragsgjevar ville leggja vekt på «*kvaliteten og eigenskapane til det tilbydde utstyret*» og leverandørane vart bedne om å fylle ut informasjon om

køyetøy og utstyr, «herunder årsmodell, vekt, motorstyrke, type utstyr; snøfres, skrape, lesseapparat, v-plog og strøpparat». Vurderinga resulterte i at valde leverandør fekk 20 poeng, medan klagar fekk 18 poeng. Skilnaden på to poeng reflekterer ei rimeleg og balansert vurdering av total kvalitet og leveranseevne, som er basert på skilnaden mellom kvalitet og eigenskapane på tilbydde maskiner og utstyr.

- (14) Evalueringa er gjort sakleg og er etterprøvar. Bakgrunnen for poengskilnaden i tilbodet til klagar og valde leverandør er gjort greie for i tildelingsbrevet og tidlegare klagesvar. Poengdifferansen er grunngjeve med at valde leverandør sitt tilbod utmerka seg med nyare og meir kraftfull hovudmaskin enn klagar, med presise og profesjonelt tilleggsutstyr som gjev tryggleik for gjennomføringa av vintervedlikehaldet. Grunngjevinga er gjeve i tråd med kriteria som er lista opp under tildelingskriteriet «Kvalitet og køyetøy».

Klagenemnda si vurdering:

- (15) Klagar har delteke i konkurransen og har sakleg klageinteresse jf. forskrift om klagenemnd for offentlige anskaffelser § 6. Klagen er rettidig. Konkurransen gjeld anskaffing av vintervedlikehald av kommunale vegar og setting av brøytestikker som er ei tenesteanskaffing. Verdien til anskaffinga er estimert til 20 millionar kroner. I tillegg til lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (heretter *lova*) følgjer anskaffinga forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (heretter *forskrifta*) del I og del III jf. forskrifta §§ 5-1 og 5-3.

Tildelingsevaluering

- (16) Klagenemnda tek fyrst stilling til om innklaga har brote anskaffingsregelverket ved tilbodsevalueringa.
- (17) Klagenemnda skal ikkje gjere ei ny evaluering av tilboda. Det nemnda kan prøve er om innklaga har forhalde seg til tildelingskriteria slik dei er oppstilt i konkurransegrunnlaget, om tilboda sine innhald er korrekt fastlagt, og om evalueringa er vilkårlig, sterkt urimeleg eller i strid med dei grunnleggjande prinsippa i lova § 4, jf. Høgsterett si avgjerd i Rt. 2007 s. 1783, avsnitt 44.
- (18) Klagar har gjort gjeldande at innklaga har lagt vekt på forhold som ligg utanfor tildelingskriteriet «Kvalitet og køyetøy», og dermed innført eit nytt og ulovleg tildelingskriterium ved å leggje vekt på forhold som ikkje var nemnt i tildelingskriteriet.
- (19) Tildelingskriteriet «Kvalitet og køyetøy» presiserte at innklaga ville vektleggje «kvaliteten og eigenskapane til det tilbydde utstyret». Vurderinga ville gjerast ved å vektleggje mellom anna «leverandørens svar på absolutte og ønska krav i kravspesifikasjonen» og «utfylt informasjon om køyetøy og utstyr for maskin i tilbods brevet (herunder årsmodell, vekt, motorstyrke, type utstyr; snøfres, skrape, lesseapparat, v-plog og strøpparat)». Poengsum skulle gjevast etter ei «samlet vurdering» av tildelingskriteriet.
- (20) Innklaga si evaluering skulle følgjeleg gjerast ved å leggje vekt på det leverandørane på rode 401 – Liabygda svarte i tilbodet. Det var ikkje presisert noko ytterlegare om kva informasjon som ville gje god og dårleg utteljing for det som skulle vektleggjast i vurderinga, men det gjekk etter nemndas syn tydeleg fram at innklaga ville leggje vekt på mellom anna «årsmodell», «motorstyrke» og «type utstyr».

- (21) Av den innleverte dokumentasjonen til klagenemnda framgår det at det avgjerande for at klagar fekk 18 poeng mot valde leverandør sine 20 poeng var at tilbodet til valde leverandør utmerka seg med ei «*nyere og mer kraftfull hovedmaskin*» enn klagar, og hadde «*presise og profesjonelle komponenter(tilleggsutstyr)*». Desse vurderingane har tilknytning til kva som skulle vektleggjast for poengsetjinga. Kva som gjev positive og negative utslag ved poengvurderinga er noko som ligg til oppdragsgjevar sitt skjønn og som klagenemnda ikkje prøver. Nemnda kan etter dette ikkje sjå at innklaga har gått utanfor tildelingskriteriet sine rammer i evalueringa si. Klagar sin påstand fører ikkje fram.

Grunngjeving

- (22) Klagenemnda tek så stilling til om innklaga har brote grunngjevingsplikta.
- (23) Forskrifta § 25-1 (1) seier at oppdragsgjevar skal gje ei grunngjeving for val av leverandør «*skriftlig og samtidig*». Det er den fyrste grunngjevinga som skal vurderast av klagenemnda, sjå til dømes klagenemnda si avgjerd i sak 2024/1756 med vidare tilvisingar. Grunngjevinga skal innehalda namn på valde leverandør og «*en redegjørelse for det valgte tilbudets egenskaper og relative fordeler i samsvar med tildelingskriteriene*», jf. § 25-1 (2).
- (24) Grunngjevinga må innehalde ei konkret vurdering som gjer at leverandørane, på objektivt grunnlag, kan forstå kva for nokre forhold som har gjort at oppdragsgjevar har vurdert valde leverandør sitt tilbod som det beste ut i frå dei oppgjeve tildelingskriteria. Dette inneberer at grunngjevinga skal vera så presis og utfyllande at leverandørane, på objektivt grunnlag, kan vurdere om anskaffingsprosessen har skjedd i samsvar med regelverket. Kravet til grunngjeving går likevel ikkje lengre enn at det skal setje ein tilbydar i stand til å vurdere om tildelinga er sakleg og forsvarleg, jf. LA-2012-85717.
- (25) Som eit utgangspunkt blir det stilt strengare krav til grunngjevinga jo meir skjønnsmesseg eit tildelingskriterium er utforma, sjå til dømes klagenemnda si avgjerd i sak 2024/1756, avsnitt 47 med vidare tilvisingar. Kravet til grunngjeving kan likevel ikkje strekkast så langt til at leverandørane skal kunne gjere ei fullstendig overprøving av oppdragsgjevar si evaluering av tilboda, jf. LG-2017-28938.
- (26) I tildelingsbrevet, var det gjeve ein oversikt over poengfordelinga mellom klagar og valde leverandør i ein tabell. Tabellen viser at klagar fekk full utteljing på tildelingskriteria «*Pris*» og «*Miljø*», og 18 poeng av 20 poeng på kriteriet «*Kvalitet og køyretøy*». Valde leverandør fekk full utteljing på kriteria «*Miljø*» og «*Kvalitet og køyretøy*», og 48,82 poeng av 50 poeng på kriteriet «*Pris*». Dette resulterte i at valde leverandør vann konkurransen med ei total utteljing på 98,82 mot klagar sine 98 poeng. I tillegg til denne tabellen var det sagt at begge tilboda var av høg kvalitet og at tildelingskriteriet «*Kvalitet og køyretøy*» var det avgjerande for konkurransen.
- (27) Grunngjevinga viser at innklaga har vurdert dei aktuelle tildelingskriteria, men seier ingenting om eigenskapar ved det valde tilbodet eller skilnadar mellom klagar og valde leverandør sitt tilbod, anna enn at tilboda var av høg kvalitet. Ei slik grunngjeving gjev ikkje moglegheit for leverandørane til å vurdere om vurderinga som er gjort faktisk er i samsvar med det som er oppgjeve i tildelingskriteriet. Opplysningane i tabellen gjev heller ikkje moglegheit for dette.

- (28) Grunngevinga til innklaga i tildelingsbrevet er ikkje tilstrekkeleg for å grunngje val av leverandør, og kravet til grunngjeving i forskrifta § 25-1 er brote. Klagar sin påstand fører fram.
- (29) Klagenemnda har tidlegare lagt til grunn at oppdragsgjevar kan rette ei mangelfull grunngjeving ved å gje ei ny grunngjeving, sjå til dømes klagenemnda si avgjerd i sak 2024/1469, avsnitt 76 med vidare tilvisingar. I svar på klage har innklaga forklart nærmare kvifor valde leverandør vart vald. Her skriv innklaga mellom anna at klagar har ei «*solid hovedmaskin*» og «*alt av nødvendig tilleggsutstyr*», men at klagar mangla «*beskrivelse av tilleggsutstyret*». Vidare har innklaga forklart at valde leverandør tilbydde ei hovudmaskin som var «*noe nyere og mer kraftfull*» enn klagar. Valde leverandør hadde i tillegg levert ei «*grundig og detaljert beskrivelse av det tilbudte tilleggsutstyret*». Nemnda vurderer at innklaga i klageprosessen har skildra eigenskapane og dei relative fordelane ved det valde tilbodet. Grunngevinga er tilstrekkeleg til at klagar kan vurdere om tildelinga er sakleg og forsvarleg.
- (30) Brotet på kravet til grunngjeving som klagenemnda har konstatert, er reparert ved etterfølgjande grunngjeving. Brotet har difor ikkje hatt noko innverknad på konkurranseutfallet, og klagegebyret skal dermed ikkje betalast tilbake, jf. klagenemnds forskrifta § 13.

Konklusjon:

Stranda kommune har brote regelverket for offentlege anskaffingar ved å gje ei mangelfull grunngjeving for val av leverandør.

For Klagenemnda for offentlige anskaffelser,

Kjersti Holum Karlstrøm

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur